



TRONDHEIM SPORTSFISKERE

Postboks 2952, Sluppen
7438 Trondheim
Bankkto: 9235.20.84206

12.03.07

Hei alle saman!

Her er litt informasjon om det komande årsmøtet og andre aktivitetar framover.

Årsmøte 2007.


Årsmøtet 2007 vert **torsdag 22 mars kl 1900** i Lysbuen kantine ved SINTEF Energiforskning på Gløshaugen. Vi har følgjande sakliste på møtet:

1. Konstituering
 - a. Åpning.
 - b. Valg av møteleiar og referent
 - c. Godkjenning av dagsorden.
2. Årsberetning 2006.
3. Regnskap.
4. Budsjett for 2007.
6. Valg:

* Formann,	(1 år)
* Nestformann	(1 år)
* Sekretær	(2 år)
* 1. styremedlem	(2 år)
* 2. styremedlem	(2 år)
* Vararepresentant	(2 år)
* Kontroll/revisjonskomitè	(2 medl., 1 år)
* Valgkomitè	(2 medl., 1 år)
- 7 Eventuelt

Valgkomiteen sitt forslag er inkludert i dette medlemsbrevet. Rekneskap og budsjett vert sendt ut seinare. Etter årsmøtet vil vi ha utlodning og kaffi med kake. Kvelden vert avslutta med at Tron Sturle Aune viser lysbilete og fortel om fisketur til Grønland.

Det er fri parkering i området etter 1600. Dørene er i utgangspunktet låste, men vi vil sørge for at folk slepp inn mellom 1845 og 1900. Etter det må de ringe underteikna for å kome inn. Sjå vedlagte kart for hjelp til å finne møtestaden.



Kastekveldar

Det er framleis nokre kastekveldar igjen i løpet av våren:

25.03.2007	1950	2200	Nidarøhallen A
15.04.2007	2030	2200	Nidarøhallen A
29.04.2007	2030	2200	Nidarøhallen A

Kasteturnering

Alle som er interessert i kasting med fluge bør sette av 5. mai. Då vert det arrangert kastekonkurranse på festninga med klasse 5 utstyr. Oppmøte kl 1200 og start på turneringa kl 1300. Arrangementet er eit samarbeid mellom Trondheim Sportsfiskere og Storørreten castingklubb. Stener Skogmo og Einar Nordgaard er sentrale på arrangørsida og kan sikkert gi meir informasjon til dei som er interessert i å ta del i turneringa. Etter kasteturneringa er alle deltakarar og andre interesserte inviterte til "Kastfæst" på Dora.

Flugebinding

Flugebindinga er i gang. Neste bindekveld er 20/3 kl 2030. Møt opp ved SINTEF Energiforskning. Vi slepp inn folk mellom 2020 og 2030, etter det må de ringe nummeret som er slått opp på døra.

Praktisk laksefiske.

Vil vil i mai arrangere nok eit praktisk kurs i laksefiske med Stener Skogmo og Einar Nordgaard som instruktørar. Fokus i år vert på fiske ved lavt vatn. Informasjon om tid og stad følger seinare.

Vi sender ut medlemsgiro i løpet av dei næraste dagane. Om nokon ikkje får giro ta kontakt slik at vi får rette opp dette. Betalar de elektronisk så **hugs å merke innbetalinga** med namn slik at de vert registrert, elles har vi ein nesten umogleg jobb med å spore opp kven som betalar.

Minner og om at styret gjerne tar imot tips til aktivitetar og idear til foredrag eller tema for medlemsmøta.

For styret

Knut Alfredsen

Mob-tlf. : 93205501

E-post. : knut.alfredsen@ntnu.no

Valkomiteen si instilling:

Forslag til styre i TSF kommende år;
Formann Kjell Ove gjenvalg 1 år
N formann Edvard velges 2 år.
Kassere Erling H velges 2 år.
Sekretær Knut Alfredsen ikke på valg.
Medlem Ola Tangen ikke på valg.
Medlem Stener Skogmo ikke på valg.
Vara Einar Nordgaard.

Kontrollkomite Stig Wiggen og Torstein Digre gjenvalg 1 år.

Valgkomite:

Sittende valgkomite, Roar Stallvik og Paul Myklestad ønsker avløsning og oppfordrer årsmøtet til å finne kandidater